



SOGN REGIONRÅD

MØTEBOK

Organ:	Sogn regionråd
Stad:	Blix Hotell, Vik
Dato:	19.02.2021
Tid:	09:30 - 14:30

A. Roy Egil Stadheim ønske velkomen til Vik.

B. Desse møtte:

Faste medlemmar
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune Trygve Skjerdal, ordførar Aurland kommune Geir Helge Østerbø, varaordførar Høyanger kommune Audun Mo, ordførar Lærdal kommune Arnstein Menes, ordførar Sogndal kommune Roy Egil Stadheim, ordførar Vik kommune Hilmar Høl, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar Gunn Lerøy, rådmann Lærdal (Teams) Jarle Skartun, rådmann Luster (Teams) Steinar Søgaard, rådmann Aurland (Teams)
Andre (Teams)
Ståle Brandshaug reiselivsdirektør Visit Sognefjord Kathrin Jakobsen seksjonssjef og Lasse Kolbjørn Anke Hansen prosjektleiar Vestland fylkeskommune Anne Kverneland Bogsnes direktør, Bjarte Hysing-Olsen assisterande direktør og Frode Henden prosjektleiar NAV Vestland Per Rune Vereide styreleiar og Arnar Helgheim dagleg leiar Sekom – sekretariat for kommunale kontrollutval

C. Innkalling godkjent utan merknader.

D. Protokoll frå møte 11.12.2020 godkjent utan merknader.

Sak 1/21
Val av leiar i Sogn regionråd 2021

Tilråding:

--- vert vald som leiar i rådet for 2021
--- vald som nestleiar i rådet for 2021

Handsaming:

Framlegg om Hilmar Høl som leiar og Roy Egil Stadheim som nestleiar.

Ivar Kvalen leiar møtet.

Vedtak:

Hilmar Høl vert vald som leiar i rådet for 2021
Roy Egil Stadheim vald som nestleiar i rådet for 2021

Sak 2/21
Vedtekter Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2021:
§ 5 Økonomi
(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 35 prosent er lik grunnsum for alle kommunane, 65 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar (..).

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2021:
§ 5 Økonomi
(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 35 prosent er lik grunnsum for alle kommunane, 65 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar (..).

Sak 3/21
Avtale om drift av sekretariatet for Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek avtale om drift av sekretariat for Sogn regionråd slik han ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek avtale om drift av sekretariat for Sogn regionråd slik han ligg føre.

Sak 4/21
Orienteringssaker

1. Leiar – årshjul for viktige oppgåver.
2. Samferdslegruppa
 - Regional transportplan:
 - Utkast til innspel vart utsendt til møtet og vil gå til rådet for tilslutting før fristen 28.2.2021.
 - Samferdslegruppa avklarar kommunane sine prioriteringar til neste rådsmøte. Rådet ser det som ein fordel om ein står samla om dei konkrete prioriteringane.
 - Vedlegg samferdsleplanen – utsendt til møtet og grunnlag for prioriteringane til RTP.
 - Møte med Statens vegvesen om ferjesambandet Hella-Vangsnæs-Dragsvik
3. Styringsgruppa Sogn for alle
 - Dei fire arbeidsgruppene er godt i gang med arbeidet.
 - Blant tiltaka som det vert arbeidd med er regionalt norskkurs, foreldrerettleiing, etableraropplæring og bedriftsnettverk.
 - Prosjektet Sogn for alle og arbeidet med nettverk for rekruttering av innvandrarak er nemnt spesielt i fylkeskommunen sitt oppdragsbrev til Innovasjon Norge.
4. Innspel frå medlemne – runde rundt bordet om aktuelle saker i kommunane.
5. Rådmannsgruppa
 - Framlegg til vertskommuneavtalar er lagt fram frå Sogndal kommune for signering.
 - Desentralisert sjukepleiarutdanning – ønske om meir undervisning lokalt og redusert praksiskrav. Kommunane vurderer støtteordningar og deltek i møtet med høgskulen.
 - Fellesressursen for rådmannsgruppa er på plass.
6. Administrasjonen
 - Næringsnettverket – fellesprosjekt i nettverket blir tema i mars
 - Desentralisert sjukepleiarutdanning – møte med høgskulen om undervisning meir lokalt og praksiskrav på 2 år.
 - Sogn for alle – søker på fleire tilskotsordningar gjennom prosjektet.
 - Profilering og merkevare – prosjektet er i gang. Joakim Systaddal er prosjektleiar.
 - Samferdsle – Jan Øhickers bistår i det strategiske arbeidet for RTP og NTP.
7. Orientering ved reiselivsdirektør Ståle Brandshaug Visit Sognefjord:
 - Masterplan for reiselivet: Mål, strategiar og tiltak må tilpassast stadane i Sogn. Realisering er avhengig av oppfølging frå blant anna kommunane og det bør vera samheng mellom masterplan og kommuneplan og næringsplan.
 - Status fellesgodefinansieringsprosjektet: Arbeider for politisk tilslutting nasjonalt for å få til pilottesting. Presentasjonen ligg ved.
8. Orientering om Grøn Region Vestland – oppfølging av Vestlandsscenario 2020 v/ seksjonssjef Kathrin Jakobsen og prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Vestland fylkeskommune.

- Fylkeskommunen inviterer regionråda til ein prosess for å finne forretningsmoglegheitene for ei grønn omstilling. Presentasjonen ligg ved.
9. Orientering om utviklingsprosjekt NAV region Sogn v/ direktør Anne Kverneland Bogsnes, assisterande direktør Bjarte Hysing-Olsen og prosjektleiar Frode Henden, NAV Vestland.
 - Målet er å sikre og vidareutvikle heilskapelege NAV-tenester for brukarane i region Sogn. Analyserapporten vil vera klar til april og kan informerast om til rådet. Presentasjonen ligg ved.
 10. Orientering om Sekom – sekretariat for kommunale kontrollutval v/ styreleiar Per Rune Vereide og dagleg leiar Arnar Helgheim, Sekom. Presentasjonen ligg ved.

Skriv og meldingar. Refererte.

1. Regionalplan for tverrfagleg spesialisert behandling 2021-2025 - fråsegn 26. januar 2021
2. Statnett si konseptvalutgreiing for behovsvurdering og ekstern kvalitetssikring for Bergen og omland - fråsegn 31. januar 2021
3. Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn – signert.
4. Regionrådssamarbeid – framlegg til vidare prosess.

Hilmar Høl
leiar

Ivar Kvalen

Arnstein Menes

Karina Nerland
dagleg leiar